

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 20.06.2017

Sak nr.: 16/257-93

Internt l.nr. 25045/17

Sak: 69/17

Tittel: **Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027
Utlegging til offentlig ettersyn**

Behandling:

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Høyringsutkast til Regional transportplan 2018 – 2027 med vedlegg vert lagt ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 30. september 2017.
2. Rapporten om framtidig trasé for Kystvegen har vore ute på høyring våren 2017. Fylkesutvalet legg likevel rapporten ut til offentlig ettersyn saman med Regional transportplan 2018 - 2027, og ber om innspel på strekninga frå Dalsfjorden og nordover til grensa mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
3. Fylkesutvalet legg også forslag til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane ut til offentlig ettersyn som ein del av høyringa av Regional transportplan.

Korrigeringar i RTP-dokumentet:

Side 11 under 2.6 Det off. vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2040

Ekstra kulepunkt: ved første rullering av RTP utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring

Side 50 under 8.2 Rv 5 må inn i siste setning (andre avsnitt)

Side 51 under 8.3 kostnadskrevjande skredssikringsprosjekt, andre avsnitt: Ein bør kunne forskotere slik at ein får fullfinansiert fv. 722 Flovegen i perioden

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. På side 18 bør Solund og Gulen kommunar også settast inn på «pendlar-kartet»
2. Nytt punkt under «Generelle utfordringar»:
Barn, unge og andre utan førarkort
Denne gruppa har særlege transportutfordringar for å delta på aktivitetar utanom skule- og arbeidstid. Utfordringa aukar ofte di lenger ein kjem frå sentra. Eigne ordningar med tingingsruter, sørvisskyss, lokale transporttilskot, «heim for ein 50-lapp», ungdomskort og fleksibel skuleskyss for både grunnskuleelevar og elevar ved vidaregåande skule må vurderast.
3. Endring på side 41 «Trafikktrygging», siste setning: «Visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken står fast. Som eit «etappemål» skal talet på drepne og hardt skadde i trafikken reduserast til maksimum 16 i 2024.»

Avrøysting:

Punkt 1 og 3 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne.

Trude Brosvik og Gunhild Berge Stang røysta for punkt 2 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti og framlegget vart forkasta.

Tilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle, med endringar vedtekne ovanfor, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Høyringsutkast til Regional transportplan 2018 – 2027 med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 30. september 2017.
2. Rapporten om framtidig trasé for Kystvegen har vore ute på høyring våren 2017. Fylkesutvalet legg likevel rapporten ut til offentleg ettersyn saman med Regional transportplan 2018 - 2027, og ber om innspel på strekninga frå Dalsfjorden og nordover til grensa mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
3. Fylkesutvalet legg også forslag til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane ut til offentleg ettersyn som ein del av høyringa av Regional transportplan.

Korrigeringar i RTP-dokumentet:

Side 11 under 2.6 Det off. vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2040

Ekstra kulepunkt: ved første rullering av RTP utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring

På side 18 bør Solund og Gulen kommunar også settast inn på «pendlar-kartet»

Endring på side 41 «Trafikktrygging», siste setning: «Visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken står fast. Som eit «etappemål» skal talet på drepne og hardt skadde i trafikken reduserast til maksimum 16 i 2024.»

Side 50 under 8.2 Rv 5 må inn i siste setning (andre avsnitt)

Side 51 under 8.3 kostnadskrevjande skredssikringsprosjekt, andre avsnitt: Ein bør kunne forskotere slik at ein får fullfinansiert fv. 722 Flovegen i perioden